

Notat etter den allmenne høyringa om framlegg til rettskrivingsendringar i bokmål og nynorsk 2023

Juni 2023

Innleiing

13. mars 2023 sende Språkrådet ein del framlegg til rettskrivingsendringar til allmenn høyring. Framlegga gjaldt nynorsk, bokmål eller begge desse språka. Alle sakene i høyringa har vore handsama i Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon i 2022 eller 2023.

Da fristen for å sende inn høyringsfråsegner gjekk ut 24. april 2023, hadde det kome inn i alt 21 fråsegner. Fråsegnene kom frå departement og andre offentlege organ, frå fagmiljø ved universiteta, frå språkorganisasjonar, firma, kulturinstitusjonar og privatpersonar. Alle framlegga i høyringsnotatet blei omtala i fråsegnene, men visse av framlegga gjekk særleg ofte att. Det gjaldt framlegget om endringar for ord med *hv-/kv-* i bokmål (punkt 5.2), framlegget om å ta inn *sjåast* som presensform i nynorsk (4.1), framlegget om normering av *hub(b)* og *spot(t)* (3.1) og framlegget om endringar i preteritum av nokre verb med *-y-* i infinitiv i bokmål (5.1). Meiniane var ulike, men til fleire av framlegga blei det reist gode motargument som var grunnjevne i dei gjeldande normeringsprinsippa.

Nedanfor refererer og kommenterer vi eit utval av dei momenta som blei spelte inn i høyringsfråsegnene. Nummereringa er den same som i høyringsnotatet. Språkrådet har vurdert framlegga i lys av innspela og endra eller trekt somme av dei som følgje av dette. Dette kjem fram under dei aktuelle punkta. Dei framlegga som ikkje er omtala nedanfor, blir ståande uendra slik dei er formulerte i høyringsnotatet. Alle framlegga – med dei justeringane som er skildra her – vil bli handsama av styret i Språkrådet på møtet 7. juni 2023.

Nokre av høyringsfråsegnene føreslår andre endringar i rettskrivingsnormene enn dei som var tekne opp i høyringsnotatet. Desse framlegga blir ikkje kommenterte nedanfor. Det same gjeld synspunkt på og framlegg om endringar i prinsippa for normering.

Punkt 3.1: Bøying av *hub(b)* og *spot(t)* (gjeld nynorsk og bokmål)

Det var føreslått å normere desse to importorda frå engelsk med valfri enkel eller dobbel konsonant i utgangsforma, men med obligatorisk dobbel konsonant i dei bøygde formene. Blir framlegget vedteke, vil det vere aktuelt å utvide denne modellen til fleire importord av dette slaget.

Fleire av dei som sende inn fråsegner, sa seg samde i dette framlegget; det gjaldt *Landslaget for språklig samling, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget og Erlend Trones*.

Erik Bråthen Solem meiner at det ville vere betre og enklare å normere *hub* og *spot* som eineformer i utgangsforma, men *hubben, spotten* osv. i bøygde former. Solem har ikkje tru på at former som *hubb/høbb* og *spott* vil bli særleg mykje brukte. Han minner om at det finst ein del døme på veksling mellom enkel og dobbel konsonant i bøyginga frå før: *kam – kammen, kunne – kan* osv. *Lars S. Vikør* rår derimot til å berre normere dei systemrette formene *hubb* og *spott* i utgangsformene. Vikør etterlyser meir informasjon om korleis framlegget vil slå ut i samansetningar. *Tilsette ved Institutt for nordisk og mediefag ved Universitetet i Agder* argumenterer mot framlegget fordi dei meiner det vil føre til at den aktuelle gruppa importord følgjer ulike regelsett, og det strir mot enkelheitsprinsippet i retningslinjene for normering.

Språkrådet meiner at framlegget om valfridom mellom enkel og dobbel konsonant i utgangsforma er rimeleg gjeve dei gjeldande normeringsprinsippa. I utgangsformene dominerer enkel konsonant klart, men vi finn òg dobbel konsonant. I dei bøygde formene er dobbel konsonant meir frekvent enn i utgangsforma, og stundom meir brukt enn enkel konsonant. Bruken talar altså for eit mønster *spot – spotten*, men den systemrette forma *spott* har òg noko bruk og må nødvendigvis vere tillaten.

Det stemmer at normeringa av importord frå engelsk med kort vokal ymsar ein del. Slik er det i dag, og slik vil det truleg vere også framover. Vi har til dømes *sno*bb – *sno*bben, *bag*(g) – *bag*(g)en, *chat*(t) – *chat*ten og *cup* – *cup*en. Det bør vere ein ambisjon å gjere gruppa meir einskapleg, og framlegget her er meint som eit steg på vegen. Blir framlegget vedteke, vil det i neste omgang vere aktuelt til dømes å revurdere normeringa av eit ord som *bag*(g). Det er likevel ikkje realistisk å straumlinjeforme bøyginga av denne gruppa ord heilt.

Framlegget om *hub*(b) og *spot*(t) inneber inga særnormering av samansetningar, altså vil til dømes også framleddet *spot*(t)- ha valfridom mellom enkel og dobbel konsonant.

Framlegget blir ståande uendra.

Punkt 3.2: Endring av genusnormering for substantiva *nebb, nipp, raut, rykk, fart, låt, kondom, maraton og stadion* (gjeld nynorsk og bokmål)

Det var føreslått å endre genusnormeringa for i alt ni substantiv. For *nebb, nipp, raut* og *rykk* er det framlegg om innstramming av norma i bokmål, ingen endringar i nynorsk. For *fart, låt, kondom, maraton* og *stadion* er det framlegg om utviding av norma både i nynorsk og bokmål på bakgrunn av bruken slik han ovrar seg i tekstar.

Fleire av enkeltframlegga er kommenterte i høyringsfråsegnene. Nokre fråsegner uttrykkjer støtte til framlegga, såleis skriv *Erik Bråthen Solem* at det er «[g]odt at me umsider fær hokynsbøygjing på *fart* og *låt*». *Bokmålsforbundet* seier seg samd i

framlegga om innstrammingar i bokmål, men meiner *fart* og *låt* framleis berre bør ha hankjønn, og at *maraton* bør gå frå berre hankjønn til berre inkjekjønn. Både *Lars S. Vikør* og *Litteraturselskapet Det Norske Samlaget* nemner at det bør vurderast å skilje på genusnormeringa for *låt* ut frå tydinga; dei meiner det bør vurderast om hokjønn berre skal innførast i tydinga '(pop)song'.

Språkrådet står gjennomgåande fast ved framlegga, som er baserte på inngåande undersøkingar av bruken av dei aktuelle orda i tekstar. Når det gjeld *låt*, er vi likevel samde med dei som i høyringa etterlyste fleire undersøkingar. Det er ein god hypotese at hokjønn først og fremst er i bruk når ordet har tydinga '(pop)song', og dette bør granskast nærare. Framlegget for *låt* blir derfor trekt nå, men vi ønskjer å leggje fram eit nytt framlegg om dette ordet ved eit seinare høve.

Justert framlegg: Framlegget om genusnormering av *låt* blir teke ut, medan framlegga om *nebb*, *nipp*, *raut*, *rykk*, *fart*, *kondom*, *maraton* og *stadion* blir ståande uendra.

Punkt 3.3: Endring i normeringa av fleirtalsformer for *livmor*, *løvetann* og visse andre substantiv (gjeld nynorsk og bokmål)

Det var føreslått ein del endringar i fleirtalsformene for samansette substantiv der etterleddet har uregelrett bøyning når det står som sjølvstendig ord. Dei fleste av endringane gjeld bokmål, men det er òg nokre som gjeld nynorsk. Den normerte bøyninga for slike samansetningar er i dag noko usystematisk, og det er ein del umotiverte skilnader mellom nynorsk og bokmål. Framlegget vil bøte på dette.

Blant dei høyringsfråsegnene som kommenterer punkt 3.3, er det nokre (*Erik Bråthen Solem* og *Landslaget for språklig samling*) som kommenterer at fleirtalsformer av dei aktuelle orda generelt verkar oppkonstruerte eller lite aktuelle.

Det stemmer eit stykke på veg at fleirtal av desse orda er marginalt. For nokre av dei – da særleg *løvetann* – er fleirtal likevel heller vanleg. I tekstkorpus kan ein òg finne fleirtal brukt av ord ein kanskje ventar berre finst i fleirtal, som *midnatt*. For nokre ord, som *livmor*, er fleirtal blitt vanlegare i seinare år. I alle tilfelle er dei normerte formene ikkje meir enn eit tilbod til dei som måtte ønskje å bøye dei aktuelle orda i fleirtal.

Framlegget blir ståande uendra.

Punkt 3.4: Endring i normeringa av substantivet *kask(j)ett* (gjeld nynorsk og bokmål)

Det var føreslått å endre normert skrivemåte av dette ordet til valfritt *kaskett* eller *kasjett* i begge skriftspråka. I dag har bokmål *kaskett*, medan nynorsk har *kaskjett*.

Dette punktet er nemnt i nokre få høyringsfråsegner. *Bokmålsforbundet* og *Litteraturselskapet Det Norske Samlaget* er samde i framlegget, medan *Erlend Trones* føredreg skrivemåten *kaskjett* med *j* framfor *kasjett*. Han argumenterer med at

uttalen med [j] kjem av tilpassing på norsk grunn, og at «[d]et vanlege i norsk er å halda på k-en når han går over i palatal uttale».

Sjølv om Trones har rett i at uttalen med [j] er ei lokal tilpassing, viser Språkrådet til at det aktuelle ordet har klar karakter av å vere eit importord frå fransk. Såleis bør skrivemåten følgje reglane for norvagisering av importord, og det tilseier -sj-, ikkje -skj-. Eit tilleggsmoment er at skrivemåten *kasjett* har stor utbreiing sjølv om han ikkje er normert i dag, særleg i nynorsk.

Framlegget blir ståande uendra.

Punkt 4.1: Endring i normeringa av presensforma av verbet *sjåast* (gjeld nynorsk)

Det var føreslått å endre normeringa av verbet *sjåast* slik at forma *sjåast* kom inn attmed *sest* i presens. Dette var grunngjeve med at *sjåast* er mykje i bruk i tekstar (jf. bruksprinsippet) og dessutan har solid talemålsgrunnlag (jf. talemålsprinsippet). I høyringa kom det mange innspel til dette punktet. Eit par av fråsegnene var positive til framlegget (*Ingrid Sørseth* og *Lars S. Vikør*). Fleire var likevel negative. Det kom fram ein del ulike motargument:

Stabilitet: *Noregs Mållag* og *Norskt Måldyrkingslag* viser begge til at framlegget bryt med prinsippet om at norma skal liggje fast med mindre «faktisk språkbruk eller sterke systemomsyn tilseier det».

Sjølvstende: I fleire av fråsegnene blir det argumentert for at bruken av helsinga «vi/me *sjåast*» i nynorsk er resultat av påverknad frå bokmål. Såleis skriv til dømes *Noregs Mållag* at «innføring av ei presensform av sjølvstendige st-verb som er identisk med infinitivsforma, klart kan *sjåast* [sic!] som ei bokmålstilnærming». *Litteraturselskapet Det Norske Samlaget* skriv at «*sjåast* er ei form som er laga i analogi med bokmål *sees/ses – sees/ses*», og meiner at framlegget bør avvisast i lys av at nynorsk generelt står under press frå bokmål. Også *Erik Bråthen Solem* og *Norskt Måldyrkingslag* kjem med liknande argument.

Systemomsyn: *Noregs Mållag* peikar på at framlegget vil innføre eit unntak frå det generelle mønsteret for danning av verbformer på -st: «Å innføra presensforma *sjåast* [...] vil gjera systemet attom norma for sjølvstendige st-verb i nynorsk meir komplisert enn i dag, i og med at det vil svekkja «byggjeklossprinsippet» om at formene i presens, preteritum og perfektum partistikk [sic] byggjer direkte på dei tilsvarande formene av det underliggjande verbet». Også *Erlend Trones* nemner dette.

Bruk: *Norskt Måldyrkingslag* framhever at presensforma *sjåast* etter alt å døme berre blir brukt i helsinga «vi/me *sjåast*», ikkje i andre konstruksjonar. Måldyrkingslaget stiller òg spørsmål ved bruksgrunnlaget som er presentert i høyringsnotatet; dei meiner det ikkje er teke nok omsyn til irrelevant tilfang i metatekst og tilfang i lærebøker omsette frå bokmål. Dei streker dessutan under at forma *sest* tilsynelatande er på frammarsj i seinare år, i alle fall i boktekstar: «Formi «me *sest*»

er no i siget, av di folk jankar det framande ordlaget inn i ei skapleg form.» Også *Erik Bråthen Solem* har innvendingar mot bruken av bruksdata i presentasjonen av framlegget.

Språkrådet meiner at ein del av motargumenta mot framlegget er gode. Korpusundersøkingane i utgreiinga av denne saka har vore omfattande, og vi har teke omsyn til metabruk og andre typar feilkjelder. Om vi legg mest vekt på bruken av nett dette verbet i presens, er grunnlaget for å innføre *sjåast* solid. At forma *sjåast* ikkje er attestert i andre funksjonar enn i helsinga, er ikkje overraskande, ettersom desse andre funksjonane svært sjeldan er å finne i tekstar. Vi er samde i at ei innføring av *sjåast* i presens strir mot mønsteret for *st*-verb generelt. Om bruken av *sjåast* kan knytast til påverknad frå bokmål, er ikkje heilt på det reine, men det er eit gyldig poeng at terskelen for endringar i den nynorske skriftnorma bør vere heller høg, jf. formuleringa i omtalen av bruksprinsippet i retningslinjene for normering dette: «Skriftleg praksis i nynorsk står under press frå bokmål, og det må ein ta høgdom for ved analyse av bruksdata for nynorsk. Tendensar i bruk må i alle høve vegast opp mot systemomsyn og nynorsk skrifttradisjon.» På bakgrunn av desse argumenta vel vi derfor å ta ut framlegget om *sjåast* nå.

Justert framlegg: Framlegget om normering av *sjåast* som presensform blir teke ut.

Punkt 5.1: Endring i normeringa av preteritum av ein del verb med -y- i infinitiv (gjeld bokmål)

Det var føreslått å endre normeringa av ein del verb med -y- i infinitiv slik at også verb som ikkje hadde preteritum med -au- før 2005, nå får former med -øy-. I tillegg inneber framlegget at somme preteritumsformer med svakt bruksgrunnlag går ut.

Framlegget er grunngjeve med systemomsyn (jf. enkelheitsprinsippet):

Bokmålsbrukarar som ønskjer å bruke -øy- i preteritum, kan ikkje ventast å halde styr på kva verb som stod med -au- i norma før 2005.

Bokmålsforbundet er kritiske til framlegget om å ta inn fleire -øy-former i norma ettersom former som *fnøys*, *gøyt* og *knøyt* ikkje er særleg frekvente i tekstar. Forbundet skriv at dei «finner grunnlaget for å ta inn disse former høyst merkverdig». Også *Det Norske Akademi for Språk og Litteratur* argumenterer mot framlegget og ønskjer heller å fjerne former med -øy- som kom inn i norma i 2005. Akademiet peikar på at det er preteritumsformene med -ø- som dominerer i skrift. *Landslaget for språklig samling* stør derimot framlegget frå Språkrådet. *Lars S. Vikør* etterlyser i sin kommentar til dette punktet ein kommentar om tilhøvet mellom *knyte* og *knytte* i bokmål.

Det stemmer at ein del av preteritumsformene med -øy- er lite brukte i tekstar, men det varierer likevel noko. Såleis er ei form som *føyk* nokså utbreidd (ca. 20 % i Norsk aviskorpus, ca. 40 % i nettkorpuset noTenTen). Også ei form som *fnøys* er ein del brukt i tekstar sjølv om ho ikkje er normert i dag. Språkrådet er godt kjent med at det er ulike syn på graden av valfridom i bokmål, men minner om at dagens retningslinjer for normering seier at det «ikkje [er] noko

mål korkje å stramma inn eller utvida valfridomen i bokmålsnorma». Dette framlegget rettar opp ein lite logisk konsekvens av endringane i 2005, men har ikkje som formål å stramme inn norma.

I dag står *knyte* og *knytte* som alternative valfrie former i alle tydingar unntatt tydinga 'trekkje seg saman'. I denne særtydinga kan dessutan *knyte* ha svak eller sterk bøyning (preteritum *knytte* eller *knøt*). Om framlegget blir vedteke, vil *knyte* berre få sterk bøyning utan omsyn til tyding. Framlegget inneber inga endring for *knytte*.

Ein del av framlegget gjaldt verbet *tryte* 'ta slutt; mangle'; det var føreslått å endre dagens preteritumsform *traut* til *trøt/trøyt*. Ettersom verbet *tryte* har svært lite (om noko) bruk i bokmål, ser vi etter ny vurdering ikkje noko behov for å gjere eit normeringsvedtak om dette verbet nå.

Justert framlegg: Framlegget om endring av preteritumsforma av verbet *tryte* blir teke ut. Dei andre framlegga under dette punktet blir ståande.

Punkt 5.2: Endring i normeringa av ein del ord med *hv-/kv-* (gjeld bokmål)

Det var føreslått å endre normeringa for ein del ord som i dag har valfridom mellom *hv-* og *kv-* i bokmål. Stort sett går framlegget ut på å ta ut av norma former på *kv-*, men det var òg føreslått å ta ut ei form på *hv-* (*hvitbjørn*). Framlegget er først og fremst grunngeve i bruken i bokmålstekstar.

I høyringa var dette den enkeltsaka der det kom flest innspel. Meiningane varierer en del, frå dei som argumenterer mot heile framlegget til dei som i store trekk er for det, men ønskjer mindre justeringar. Blant dei som vil avvise framlegget, er *fagmiljøet i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Bergen*. Dei stiller seg uforståande til at framlegget gjer norma enklare. Vidare legg dei fram tal frå søk i HaBiT-korpuset og Leksikografisk bokmålskorpus som indikerer at former på *kvil-* og *kvit-* har ein del bruk i tekstar, og at det ikkje er systematisk skilnad mellom orda der det er føreslått å ta ut *hv-*, og dei orda der det ikkje er føreslått endring. Endeleg skriv dei at ein ved å ta ut *kv-*former «svekker kontakten mellom bokmålet og talemålet mange stader i landet der bokmål dominerer som skriftspråk og *kv-* dominerer i talen». *Tilsette ved Institutt for nordisk og mediefag ved Universitetet i Agder* argumenterer òg mot framlegget og viser til at det enklaste ville vere om heile den aktuelle gruppa ord hadde same normering. Også *Landslaget for språklig samling* og *Peder Nicolai Lea Reime* er mot heile framlegget.

Erik Bråthen Solem, Erlend Trones og *Ingrid Sørseth* tek opp ordet *hvit/kvit* med avleiingar og samansetningar og argumenterer for at valfridommen *hv-/kv-* bør bli ståande her. Trones viser til det som står i høyringsnotatet om at *kvit-* særleg er ein del brukt i nemningar på plantar, dyr og sopp.

Fleire høyringsfråsegner stiller seg bak framlegget, men meiner at forma *hvitbjørn* framleis bør vere normert – anten aleine eller som valfri form attmed *kvitbjørn*. *NTB Arkitektst* peikar på at «det vil vere eit unntak i norma om ein ikkje kan setje saman

«hvit» og «bjørn» og få eit tillate ord». *Det Norske Akademi for Språk og Litteratur* meiner valfridommen *kvitbjørn/hvitbjørn* bør bli ståande òg om *hvit* blir eineform. Også *Lars S. Vikør* meiner norma framleis bør ha *hvitbjørn* (ev. *hvitbjørn*). *Bokmålsforbundet* og *Josefine Øvregård* meiner *hvitbjørn* bør vere eineform.

Enkeltheitsprinsippet seier at normeringa i størst mogleg grad skal gjelde klassar av ord. På den andre sida er det neppe mogleg å sjå for seg at heile gruppa av ord med opphav i norrøne former med *hv-* og med uttale [kv-], [v-] eller [gv-] i norske målføre skulle få eins normering i bokmål. I dag har vi i denne gruppa dels valfridom *hv-/kv-* (til dømes *hvit/kvit*), dels berre *hv-* (til dømes *hvete*), dels berre *kv-* (til dømes *kviting*). Framlegget inneber ei forskyving av grensene mellom desse undergruppene slik at det blir færre ord med valfridom *hv-/kv-*. Som ledd i handsaminga av saka er det gjort omfattande søk i fleire korpus og tekstbasar: Norsk aviskorpus, Leksikografisk bokmålskorpus, nettkorpuset NoWaC, Nasjonalbibliotekets digitaliserte tekstar og mediebasen Atekst/Retriever. Når det gjeld eit ord som *hval/kval*, dominerer forma *hval* jamt over svært klart. Likevel ser vi at *kval* har ein god del bruk (ca. 30 %) i lokale og regionale medium i Nord-Noreg, der *kv-* er vanleg i talemålet. Dette var eit avgjerande argument for at Språkrådet valde å ikkje gå inn for *hval* som eineform.

Når det gjeld grunnordet *hvit/kvit*, er forma *hvit* brukt svært mykje oftare enn *kvit*. Ser vi på samansetningane med *hvit-/kvit-*, er det likevel ein god del variasjon. Såleis er *kvitbjørn* meir brukt enn *hvitbjørn* (men det totale talet på treff er nokså lågt). *Kvit-* er vidare ein del brukt i samansetningar som *kvitfisk*, *kvitgran* og *kvitrev* – men *hvit-* er mest brukt også der. Språkrådet er samd i at det ikkje bør vere eit enkeltunntak for *hvitbjørn/kvitbjørn*. Vidare vel vi å ta omsyn til dei motførestillingane som kom fram i høyringa og ta ut av framlegget heile den delen som gjeld *hvit/kvit* og tilhøyrande ord. Innstillinga blir da at desse orda framleis skal ha valfridom.

Justert framlegg: Framlegget om stryking av *kv-*formene i *hvit/kvit*, *hvit/kvitt*, *hvit/kvite*, *hvitne/kvitne* og *hvitte/kvite*, blir teke ut. Det same gjeld framlegget om stryking av forma *hvitbjørn*. Dei andre framlegga under dette punktet blir ståande.

Punkt 5.3: Endring i normeringa av substantivet *lagasild/lagesild/lågåsild* (gjeld bokmål)

Det var føreslått å ta ut forma *lagasild* av bokmålsnorma slik at *lagesild* og *lågåsild* blir ståande att som alternative valfrie former. Grunngevinga er bruken i tekstar; forma *lagasild* kom inn i norma i 1978, men er klart mindre brukt enn dei to andre normerte formene.

Landslaget for språklig samling argumenterer for at *lagasild* framleis bør vere normert form i bokmål. Dei viser til at den forma er utbreidd i talemålet, og at *a-fuge* finst både i talemålet «i det som vel må regnes som bokmålsområder» og i nokon mon òg i bokmålsnorma. *Lars S. Vikør* på si side stør framlegget frå Språkrådet.

Bokmålsforbundet meiner at *lagesild* bør vere eineform.

Det er ein grunnføresetnad i normeringspolitikken at bokmålet skal normerast ut frå skriftleg praksis i bokmålstekstar, og Språkrådet kan i lys av det ikkje leggje avgjerande vekt på data om talemål. Det stemmer at bokmålet har ein god del former med *a*-fuge, og det er ikkje noko mål i seg sjølv å redusere denne gruppa. Når forma *lagasild* er lite brukt i skrift og dessutan viker av frå hovudregelen om *e*-fuge, er grunnlaget for å ta ho ut av norma godt.

Framlegget blir ståande uendra.